

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i adventstida - 22. desember 2013

Preiketekst: Luk 1, 46-55

Lesetekst I: Rut 4,13-17

Lesetekst II: Rom 15,8-13

Lovsong med lange linjer

Alle tre tekstane denne dagen held saman det som skal haldast saman:

- Gud talar sant og oppfyller sine frelseløfter.
- Jesus Kristus er i sentrum. Hendingar og bodskap peikar fram mot han eller er prega av hans kome. Eit barn er fødd eller skal bli fødd.
- Gleda over Gud si gjerning vert tolka og uttrykt i lovsong.
- Løftene til fedrane og Israel og håpet for heidningefolka og alle folk kling saman i same lovsong og i same hendingar.

Dei lange linjene i Guds frelseshistorie gjer at heidningekvinna Rut frå Moab blir stammor til kong David, som blir modell for frelsarkongen («Isais rotskot» i Jes 11,10 og Rom 15,12).

Dei lange linjene får heidningane sin apostel Paulus til å jubla over at Gud er trufast. Slik er han mot folket sitt gjennom løftene til fedrane. Slik er han gjennom evangeliet som gjer at alle folkeslag set sitt håp til Kristus.

Dei lange linjene samlar seg hos Maria med barnet i magen, ho som lovsyng mest uforgløyemeleg. Ein lovsong til Gud for hans gjerning, for dei lange linjene, for miskunn frå slekt til slekt, for truskap mot løftet til Abraham og hans ætt, for framtidvisjonen at alle slekter skal lovprisa det som nå skjer når barnet blir født.

Poesi og store hendingar

Alle tre tekstane er prega av poesi og lovsong som oppstår midt i ei stor hending.

Lovsongen **tolkar** hendingane: Noomi har fått livsmot. Rut har fått framtid. David har Gud si forunderlege gjerning og leiing i stamtavla si. Gud ser til dei små i sin fattigdom og sitt folk i truskap, der Maria opnar stemmen sin mot Gud, slik han har opna morslivet hennar. Tekstane møter oss med den tolkande lovsongen over Bibelen si store forteljing og enkeltmenneske sine nære og sterke hendingar.

Lovsongen **grunngeiv** hendingane: Dei er Guds verk. Salmar og profetiske verselinjer blir av Paulus nytta som skriftbevis for å gå til folkeslaga med evangeliet om Jesus.

Lovsongen **uttrykkjer** hendingane i poetisk form, eit språk og ein takk som er retta mot Gud og uttrykkjer kven Gud er og kva han gjer. Lovsongen tolkar og grunngeiv hendingar, men mest av alt er han sjølv poenget. Han er hymne om og til Gud. Han er mennesket sin undrande og lovprisande respons på Guds storverk.

Song meir enn tale

Det betyr at forkynnalar denne sundagen før jul helst ikkje må hamna i for mykje prosaspråk. Om tekstane ber i seg mykje godt stoff til djup teologi om samanhengen mellom Israel og heidningefolka, fedrane og folkeslaga, så får dei større utlegningane kvila denne dagen. Det er dagen for song meir enn tale, for poesi meir enn prosa.

For mange går det også slik for seg når kristen julefeiring tek tak i kroppen og blir stunder med heilag undring og fred på jord. Midt i alt som skal gjerast og rekkast over, midt i hendingane me kjem frå og går til, blir det poesien, tonane og julesongane som tek oss inn i takken for barnet som var og er så mykje meir enn Maria sitt. Lovsongen blir uttrykk og respons for «himmel på jord, en nåde så stor, jeg er ikke alene der jeg bor...»

Tida er inne

Dei lange linjene i Bibelen si store forteljing får løfta vår vesle livsforteljing til ein lovsong. Saman med Maria som priser Gud med eit konsentrat av det som Guds folk i århundre har sunge i tempel, synagogar, heimar og kyrkjer. Her er svaret på alt som før er sunge og venta av Gud og lengta etter. Nå er tida inne. Nå grip Gud inn. Nå gjer han det som me skapningar har aller mest bruk for. Nå er det bare ein passande reaksjon frå vår side: Lovsong og takk. Å syngja med Maria vår store glede ut. Ein lovsong for dei lange linjene, for den trufaste Gud: "*Mi sjel høglovar Herren, og mi ånd frydar seg over Gud, min frelsar...*»

Salmetips:

Nydelege salmar saman med Maria i Norsk Salmebok 2013 nr.129-131.

Salmen i Norsk Salmebok 2013 nr.104: *I et skur ved Betlehem.*

Denne salmen gjer det som tekstane for denne sundagen gjer: Han utfaldar Jesusforteljinga og let refrenget vera tolkande og uttrykkjande lovsong. Det er nå det skjer! Det er slik Gud er!

Stein Ødegård

Sokneprest i Bryne kyrkjelyd.

stein@time-kyrkja.no